



ULSTEIN KOMMUNE

Helsetaten

Helse og omsorgsdep.

Pb. 8011 Dep.
0030 OSLO

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2014/5	3225/2014	ILK	28.03.2014

MELDING OM VEDTAK

SAKA GJELD: RESERVASJONSRETT FOR FASTLEGAR VED HENVISNING TIL ABORT- HØYRINGSUTTALE

De får med dette melding om at det er gjort følgjande vedtak.

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:

Ulstein kommunestyre meiner at framlegget frå Helse- og Omsorgsdepartementet om å utvide reservasjonsretten for fastlækjarar til også å gjelde tilvising til abort, vil kunne sette kvinner i ein vanskelegare situasjon enn no i møte med primærhelsetenesta.

Ulstein kommunestyre har respekt for den einskilde lækjar sitt ønske om å reservere seg mot å tilvise til abort, men meiner at omsynet til kvinner i ein sårbar situasjon veg tyngre enn omsynet til den einskilde fastlækjar, og ber difor om at Helse- og Omsorgsdepartementet sitt framlegg ikkje vert vedteke. Ulstein kommunestyre meiner eventuelle kriteria for reservasjonsmoglegheit for fastlækjarar må vere nasjonale.

Handsaming:

Tilråding frå Ulstein formannskap:

Ulstein kommunestyre meiner det må vere mogleg å arbeide som fastlege sjølv om ein på grunn av etisk overbevising ikkje vil tilvise til abort. Den lokale helsetenesta må da vere organisert slik at kvinnene utan problem får hjelp til å få utført sin lovbestemte rett til sjølvbestemt abort. Kriteria for når ein lege kan fritakast for å tilvise til abort, bør vere nasjonale og ikkje opp til kvar einskild kommune. Kommunestyret viser elles til kommentarane i saksutgreiinga.

Framlegg frå Aase Ulla og Pål Grødahl (V):

Kriteria for om ein lege kan fritakast for å tilvise til abort, bør vere nasjonale og ikkje opp til kvar einskild kommune.

Ulstein kommunestyre meiner helsetenesta i første rekke må ta omsyn til kvinna. Kommunestyret har respekt for enkelte legars ønske om å reservere seg mot å tilvise til abort,

men finn at ein pasient sine rettigheter til øyeblikkeleg oppfølging veg tyngst. Kommunestyret støttar difor ikkje regjeringa si opning for reservasjonsmoglegheit for legar.

Gruppemøte under matpausen.

Framlegg frå Renathe Rossi-Kaldhol (AP), Heidi Strand (H) og Lisa Mari Breivik Anderson (SP):

Ulstein kommunestyre meiner at framlegget frå Helse- og Omsorgsdepartementet om å utvide reservasjonsretten for fastlækjarar til også å gjelde tilvising til abort, vil kunne sette kvinner i ein vanskelegare situasjon enn no i møte med primærhelsetenesta.

Ulstein kommunestyre har respekt for den einskilde lækjar sitt ønskje om å reservere seg mot å tilvise til abort, men meiner at omsynet til kvinner i ein sårbar situasjon veg tyngre enn omsynet til den einskilde fastlækjar, og ber difor om at Helse- og Omsorgsdepartementet sitt framlegg ikkje vert vedteke. Ulstein kommunestyre meiner eventuelle kriteria for reservasjonsmoglegheit for fastlækjarar må vere nasjonale.

Røysting:

1. Tilrådinga frå Ulstein formannskap fekk 6 røyster og fall.
2. Framlegget frå Renathe Rossi-Kaldhol (AP), Heidi Strand (H) og Lisa Mari Breivik Anderson (SP) vart vedteken med 17 mot 8 røyster.
3. Framlegget frå Aase Ulla og Pål Grødahl fekk 2 røyster og fall.

Med helsing

Inger Lise Kaldhol
kommuneoverlege

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagd innan fristen. Klagen skal sendast skriftleg til det organet som har gjort vedtaket. Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §§ 18 og 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss. De vil då få nærare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.